


Notat innleiande sjekk av risiko- og sårbarheitsforhold

Detaljreguleringsplan ny sjukeheim Skipsdalen

01	19.12.25	Risiko og sårbarheitsforhold	SAN	KBF
VER.	DATO	BESKRIVING	AV	KS

Kommunen skal regulere ei tomt i Skipsdalen, gbnr. 35/171 for bruk til bygging av sjukeheim. Arealet ligg mellom Foldnes skule og «Helselandsbyen» på Straume. I vest er det utsyn mot sjø og mot aust grensar det til gravplass med kapell i tillegg til Foldnesvegen. Tomta er eigd av kommunen.

Foldnes skule har 285 elevar idag. Skulekrinsen til Foldnes skule dekker i hovudsak busette frå heile Nordre Litesotra, frå Rv 555 og nordover. I nærområdet til planområdet bur det om lag 300 personar. Framlegg til planområde er synt i figuren under.



Figur 1: Utsnitt av framlegg til planområde.

1. Førebels risiko og sårbarhetsforhold i planområdet

Det er gjort ein førebels utsjekk av risiko og sårbarhetsforhold som kan ha betydning for planområdet. Tema som er nemnd tek utgangspunkt i sjekklister for uønska hendingar frå DSB sin rettleiar, *Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging* (2017).


1.1. Skred

I vest ligg delar av planområdet innanfor aktsemdssone for jord- og flaumskred og snøskred.

Svar frå geolog:

«Vi har nett fått avklara med NVE at vi ikkje treng skredfarevurdering når det ikkje skal byggast i aktsemdsona. De må berre skrive i planomtalen at dersom det skal byggast i aktsemdssona - så må det skredfarevurderast.»

Det er ikkje behov for skredfarevurdering dersom det ikkje skal byggast innanfor skredfaresona, dette kan sikrast i føresegner. Truleg vil ikkje skredfare utgjere noko risiko vidare i planen.




Figur 2: Utsnitt syner aktsemdssoner for jord- og flaumskred, samt snøskred. Henta frå NVE Atlas

1.2. Kvikkleire

Jamfør NVE Atlas ligg planområdet innanfor aktsemdssone for kvikkleireskred og innanfor aktsemdssone for moglegheit for samanhengande førekomst av marin leire.


Aktsemdsområdet for kvikkleire må merkast som ei eiga sone i kart, her kan det ikkje byggast utan at fare for områdestabilitet blir utgreia. Område med marin leire må takast omsyn til med tanke på geoteknisk prosjektering ift. byggegrunn, setningar ol.



Figur 3 Utsnitt av aktsemdssone for kvikkleireskred og for marin leire. Henta frå NVE.

1.3. Flaum


Planområdet ligg utanfor aktsemdsområde for flaum frå Skiftedalsvatnet, jamfør NVE Atlas. Flaum frå vassdrag treng ikkje vurderast nærmare.



Figur 4 Utsnitt henta frå NVE.

1.4. Stormflo

Planområdet ligg langs fjorden og strekk seg ned til strandsona. Stormflosona i kartet under syner 200-årsstormflo i år 2100. Det er ikkje planlagt tiltak i strandsona. Det er truleg ikkje behov for nærare vurdering av stormflo og bølgepåverknad, anna enn at det vert nemnd i ROS-analysa som uønska hending.



Figur 5: 200-års stormflosone i år 2100. Henta frå NVE Atlas

1.5. Overvatn og VA

I sjølve Skipsdalen ned til sjøen ligg det i dag overvassrøyr som fører alt overvatn frå området (veg, gravplass ol.) til sjø. Planframlegget legg til rette for etablering av større andel tette flater. Overvatn/urban flaum og eventuelle flaumvegar må omtalast i VAO-plan.

1.6. Høgspenst

Det er ikkje registrert høgspenstlinjer innanfor planområdet, jamfør NVE Atlas.

1.7. Forureining

Det er ikkje kjend at det er forureina grunn i området, jamfør Miljødirektoratet sitt grunnforureiningskart, [Grunnforurensning](#). Foldnesvegen (Fv 5240) går gjennom og forbi planområdet. Vegen grensar til Skiftedalsvatnet.

1.8. Støy

Foldnesvegen går gjennom planområdet og er omfatta av gul og raud støysone. Sjukeheimen er ikkje tenkt plassert innanfor støysona. Tema støy vert ikkje vurdert i ROS-analysa, men vurdert som eige tema i planomtalen.



Figur 6: Støysoner henta frå Vegkart.no

1.9. Trafikk

Planframlegget legg til rette for ny sjukeheim som kan generere meir trafikk i området. I dag er ÅDT på Foldnesvegen fram til avkøyrsløp til Skiftedalsvegen på 6000, med 7% lange køyretøy. Det er ikkje registrert ÅDT på Skiftedalsvegen.

Fartsgrense på vegane er 50 km/t.

Langs Skiftedalsvegen er det etablert gangveg/fortau og busslommer for av/påstigning i samband med Foldnes skule rett nord for planområdet.

Det er registrert ei trafikkulukke innanfor planområdet på Skiftedalsvegen (sjå raud prikk i kartet under). Uluken er beskrive som «fotgjenger krysset kjørebane på hitsiden av krysset».

Jamfør DSB-kart er det registrert 1-2 uhell for transport med farleg gods i perioden mellom 2006 og 2015 i området.



Figur 7: Utsnitt henta frå Vegkart.no

Planområdet ligg innanfor landskapstype «Beskytta indre småkupert kystslette med tettstad». Typen omfattar landskap på den indre delen av kystsletta, ofte på innsida av større øyer eller i kystslette innover mot fjordane som i større grad er skjerma for bølge- og vindeksponering frå opent hav.

Truleg lyng i området. I nærområdet er det registrert kystlynghei, jamfør Naturbase. Det er registrert fleire skog- og lyngbrannar i Straume-området. Fare for skog og/eller lyngbrann som mogleg uønska hending må sjåast nærmare på i ROS-analysa.

Kontakt med Øygarden Brann- og redning for innspel til tema brann.



Figur 9: Utsnitt av flyfoto frå Naturbasekart.